




Reglement for finansforvaltning Aukra kommune

Vedteke i sak PS-79/21, Aukra kommunestyre den 16.12.2021

Innhald

1	FINANSREGLEMENTET SITT VERKEOMRÅDE	4
1.1	Formålet med reglementet	4
1.2	Kven reglementet gjeld for	4
2	HEIMEL OG GYLDIGHEIT	4
2.1	Heimel	4
2.2	Gyldighet	4
3	KVA REGLEMENTET OMFATTAR	4
4	FORMÅLET MED KOMMUNENS FINANSFORVALTING	5
5	GENERELLE RAMMER OG AVGRENsingAR	5
5.1	Generelt	5
5.2	Kommunestyret	5
5.3	Kommunedirektøren	6
6	FORVALTING AV LEDIG LIKVIDITET OG ANDRE MIDDEL BEREKNA FOR DRIFTSFØREMÅL	6
6.1	Definisjon	6
6.2	Forvalting	7
6.3	Felles plasseringsavgrensingar	8
7	FORVALTING AV KOMMUNEN SINE LANGSIKTIGE FINANSIELLE AKTIVA	8
7.1	Formål	8
7.2	Forvalting av finansielle aktiva og overordna investeringsrammer	8
7.3	Likviditetsmål	9
7.4	Produktspekter	9
	Avgrensingar	9
7.5	Risikorammer	9
7.6	Etiske retningslinjer	11
8	FORVALTING AV KOMMUNENS GJELDSPORTEFØLJE OG ANDRE FINANSAVTALER	12

8.1	Formål	12
8.2	Gjeldsforvalting	12
8.3	Forvalting av låneportefølje	12
8.4	Renterisiko	13
9	RAPPORTERING OG VURDERING AV FINANSIELL RISIKO	13
10	KVALITETSSIKRING	14

1 Finansreglementet sitt verkeområde

1.1 Formålet med reglementet

Reglementet skal gi rammer og retningslinjer for kommunen sin finansforvaltning.

Reglementet gjer ei samla oversikt over dei rammer og avgrensingar som gjeld.

Underliggende fullmakter/instruksar/rutinar skal bli heimla i reglementet. Reglementet definerer dei avkastings- og risikonivå som er akseptable for:

- plassering og forvaltning av likvide middel og for middel berekna for driftsføremål,
- opptak av lån/gjeldsforvaltning, og
- plassering og forvaltning av langsiktige finansielle aktiva.

1.2 Kven reglementet gjeld for

Reglementet gjeld for Aukra kommune. Reglementet gjeld også for verksemd i kommunale føretak etter kommuneloven kapittel 9 og for interkommunalt samarbeid etter kommuneloven kapittel 17.

I den grad disse verksemdene har eigen finansforvaltning, skal denne bli utøvd i tråd med dette reglementet. For tilfellet interkommunalt samarbeid kan finansforvaltinga ev. bli utøvd etter eit finansreglement som det er semje om og som er godkjent av kommunestyret.

Kommunen blir ikkje sett ein profesjonell aktør i denne marknaden

2 Heimel og gyldigheit

2.1 Heimel

Dette reglementet er utarbeidd på bakgrunn av:

- Lov om kommunar og fylkeskommunar av 22. juni 2018 (kommunelova) §14.
- Forskrift om garantiar og finans- og gjeldsforvaltning i kommunar og fylkeskommunar fastsett av departementet 18. november 2019 (*finansforskrifta*).

2.2 Gyldigheit

Reglementet trer i kraft frå og med vedtaksdato i kommunestyret. Finansreglementet skal vedtakast minst éin gong i kvar kommunestyreperiode. Dette reglementet erstattar alle tidlegare regler og instruksar som kommunestyret eller anna politisk organ har vedtatt for Aukra kommune sin finansforvaltning.

3 Kva reglementet omfattar

I samsvar med føresegnene i finansforskrifta skal reglementet omfatte forvaltinga av alle kommunens finansielle aktiva (plasseringar) og passiva (renteberande gjeld). Gjennom dette finansreglementet er det vedtatt målsettingar, strategiar og rammer for:

- Forvaltning av ledig likviditet og andre middel berekna for driftsføremål
- Plassering og forvaltning av kommunen sine langsiktige finansielle aktiva
- Forvaltning av kommunen si gjeldsportefølje og andre finansieringsavtaler

4 Formålet med kommunens finansforvalting

Finansreglementet skal ivareta grunnprinsippa i kommunelova sine formålsføreseigner om korleis dei tilgjengelege ressursar i kommunen skal bli utnytta best mogleg.

Finansforvaltingen har som overordna formål å sikre ei rimeleg avkasting samt stabile og låge netto finansieringskostnader for kommunen sine aktivitetar innanfor definerte risikorammer. Dette skal søkast oppnådd gjennom følgjande delmål:

- Kommunen skal til ei kvar tid ha likviditet (inkludert trekkrettar) til å dekke løpande skyldnader
- Plassert overskottslikviditet skal over tid gje ei god og konkurransedyktig avkasting innanfor definerte krav til likviditet og risiko, når det er tatt omsyn til tidsperspektiv på plasseringane
- Lånte middel skal over tid gi lågast mogleg totalkostnad innanfor definerte krav til refinansieringsrisiko og renterisiko, når det er tatt omsyn til behov for føreseielege lånekostnader
- Forvalting av langsiktige finansielle aktiva skal gi ei god langsiktig avkasting svarande til ein risiko som er akseptabel over tid.

5 Generelle rammer og avgrensingar

5.1 Generelt

Finansielle instrumenter og produkt som ikkje er uttrykkeleg tillate nytta gjennom dette reglementet, kan ikkje bli brukt i kommunen sin finansforvalting.

Finansielle instrumenter skal være konkret angitt under dei enkelte forvaltingsformer. Dei finansielle instrument må brukast innanfor risikorammene for underliggande aktiva eller passiva, og skal inngå ved berekning av finansiell risiko.

Plassering av Aukra kommunes middel i verdipapir skal skje med bakgrunn i etiske kriterium. Kriteria er beskrive i pkt. 7.6 i dette reglementet.

Konkrete rammer for forvalting av kommunens middel til driftsføremål (inkl. ledig likviditet), av gjeldsporteføljen og av langsiktige finansielle aktiva omtales i fortsettinga kvar for seg.

5.2 Kommunestyret

Reglementet skal baserast på kommunen sin eigen kunnskap om finans- og gjeldsforvalting.

Kommunestyret skal gjennom fastsetting av finansreglementet:

- Ta stilling til kva som er tilfredsstillande avkasting og vesentleg finansielle risiko, jf. kommunelova §14-1 tredje ledd
- Vedta retningslinjer og rammer for forvalting av likviditet, for langsiktige plassering og for gjeld i kommunen

- Vedta rammer for rapportering som sikrar løpande oppfølging av resultatet frå finansforvaltinga samt at reglene for forvalting blir tekne i vare
- Gi etiske retningslinjer for kommunen sin finansielle investeringsverksemd
- Delegere til Kommunedirektør å utarbeide instruksar innanfor nødvendige område

5.3 Kommunedirektøren

Kommunestyret delegerer til Kommunedirektøren mynde til å, med heimel i dette finansreglement, utarbeide nødvendige fullmakter, instruksar og rutinar for dei enkelte forvaltingsformer som stemmer overeins med kommunen sine overordna økonomiføresegner.

Kommunedirektøren kan delegere vidare til økonomisjefen dei fullmakter som er gjevne i dette reglementet.

Kommunedirektøren skal gjennom fastsetting av dette finansreglement:

- Forstå forvaltinga av kommunen sin finansielle gjeld og eigedelar ut frå dette reglementet og tildelte fullmakter frå kommunestyret
- Sørje for at finansforvaltinga blir utøvd i tråd med den til ei kvar tid gjeldande strategi og andre retningslinjer for forvalting
- Sørje for en fullgod overvaking og internkontroll av finansforvaltinga
- Rapportere brot på fullmakter og reglement til kommunestyret
- Rapportere på status i finansforvaltinga til kommunestyret
- Vedlikehalde de etiske retningslinjene for kommunen si investeringsverksemd
- Velje ut forsvarlege samarbeidspartnarar/forvaltarar og sørje for at disse får tilgang til og gjennomgang av ajourført finansreglement for dei oppdrag som dei skal utføre for kommunen
- Inngå avtalar med samarbeidspartnarar/forvaltarar om å kjøpe og selje verdipapir
- Etablere og vedlikehalde rutinar for at uavhengig kompetanse skal vurdere kommunen si rutine for å vurdere og handtere finansiell risiko
- Initiere og utarbeide forslag til oppdateringar av finansreglementet når det er behov
- Delegere nødvendige fullmakter for å ivareta rammene i finansreglementet til organisasjonen

6 Forvalting av ledig likviditet og andre middel berekna for driftsføremål

6.1 Definisjon

Med «*ledig likviditet og andre middel berekna for driftsføremål*» meinast middel som skal kunne vere tilgjengelege for å dekke kommunens betalingsskyldnader etter kvart som de forfell innanfor kort og mellomlang tidshorisont.

Som eit utgangspunkt legg kommunestyret til grunn at dette er:

- Løpande inntekter som skal dekke løpande utgifter
- Ein part av midddlar på disposisjonsfond eller ubunde investeringsfond
- Ubrukte øyremerka drifts- eller investeringstilskott
- Middel på sjølvkostfond

- Middel på bundne fond der det eventuelt er fastsett krav om at middel skal være disponible til ei kvar tid
- Ubrukte lånemiddel, under dette ubrukte lånemiddel tatt opp til eige lånefond

6.2 Forvaltning

Ledig likviditet og andre middel berekna for driftsføremål skal bli forvalta med lav finansiell risiko og med høy likviditet. Kommunens middel til driftsføremål (under dette ledig likviditet) kan plasserast i:

- Bankinnskott
- Pengemarknadsfond

Alle plasseringar skal gjerast i norske kroner (NOK).

Kommunen kan inngå rammeavtale for å ivareta det løpande behov for banktenester. Ved val av hovudbankforbindelse stilles det krav om minimum internasjonal kredittvurdering «A-» eller tilsvarende kredittvurdering. Det kan gjerast avtale om trekkrettigheit avgrensa til maksimalt 50 mill. kroner.

Utover middel som trengs til dekning av kommunens løpande skyldnader, og med estimerte innbetalningar trekt frå, kan ledig likviditet og andre middel berekna for driftsføremål dei næraste tre månader bli plasserte i ut frå retningslinjer angitt nedanfor. Avkastingsmålet for plassering av ledig likviditet skal over tid svare til avkasting 3M NIBOR.

For spesifikasjon av kva det kan investerast i sjå punkta 6.2.1 og 6.2.2

6.2.1 Innskott i bank

Kommunens driftslikviditet skal plasserast i kommunen sin hovudbank, eventuelt supplert med innskott i andre større spare- eller forretningsbankar med forvaltingskapital som overstig NOK 15 mrd.

For bankinnskott gjeld følgjande avgrensingar:

- Det kan ikkje avtalast tidsbinding for ein periode på meir enn 12 månader
- Eit enkelt innskott med tidsbinding kan ikkje utgjere meir enn NOK 150 mill.
- Maksimalt 30 % av midlane under pkt. 6 kan ha en rentebinding over seks månader, og gjennomsnittleg binding skal ikkje overstige tre månader

6.2.2 Plassering i pengemarknadsfond

For plassering i pengemarknadsfond gjeld følgjande retningslinjer:

- Middel kan berre plasserast i fond forvalta av selskap med konsesjon til forvaltning gitt av Finanstilsynet
- Det kan berre plasserast middel i pengemarknadsfond som er klassifisert i gruppene «*Pengemarknadsfond med lav risiko*» eller «*Pengemarknadsfond*» ut frå verdipapirfonda si foreining (VFF) sin bransjestandard for informasjon og klassifisering av rentefond.

- Samlet gjennomsnittleg løpetid for kreditten («*kredittdurasjonen*») i ein enkelt pengemarknadsfond skal ikkje overstige 18 månader
- Det skal ikkje vere avgrensingar på uttaksretten i fonda som brukast og midla skal være tilgjengelege innan tre til fem virekedagar
- Det kan ikkje plasserast middel i pengemarknadsfond som inneheld industriobligasjonar, ansvarlege lån eller fondsobligasjonar

6.3 Felles plasseringsavgrensingar

Følgjande avgrensingar gjeld for de kortsiktige midlane forvalta under pkt. 6.1:

- Kommunens samla innskott i bank-/kredittinstitusjon skal ikkje overstige 2 % av institusjonen sin forvaltingskapital
- Kommunens eigardel i ein pengemarknadsfond skal ikkje overstige 5 % av fondet sin forvaltingskapital
- Minimum 30 % av midlane skal være plassert med flytande rente eller eventuelt i pengemarknadsfond

7 Forvalting av kommunen sine langsiktige finansielle aktiva

Med «*langsiktige finansielle aktiva*» meinast middel som ikkje må reknast som ledige likvider eller andre middel berekna for driftsføremål. I tillegg må midlane ut frå kommunen sin økonomiske situasjon forsvarleg kan bli forvalta med en lang tidshorisont med noko mindre vekt lagt på kortsiktige marknadssvingingar.

Langsiktige finansielle aktiva er fond for fastlandsløysing og andre fond med lang tidshorisont utan bindingar, som for eksempel:

- Middel på ubundne investeringsfond
- Deler av disposisjonsfondet
- Middel som er vedtatt avsett til fond og som ikkje skal brukast til finansiering av aktivitet på kort sikt

7.1 Formål

Forvalting av kommunens langsiktige finansielle aktiva har som formål å sikre ei langsiktig god avkastning over tid innanfor vedtekne risikorammer.

7.2 Forvalting av finansielle aktiva og overordna investeringsrammer

Forvaltinga av kommunen sine langsiktige finansielle aktiva skal til ei kvar tid forvaltast etter kriteria:

- Tryggleik
- Risikospreiing
- Likviditet
- Avkastning

Risikovurderingar skal gjerast som omtalt i pkt. 7.6

7.3 Likviditetsmål

Som hovudregel skal investeringane skje i børsnoterte verdipapir med god likviditet. For investeringar i renteberande papir kan kravet om børsnotering likevel fråvikast, men investeringane skal uansett gjerast i papir med likviditet tilsvarende børsnoterte papir.

7.4 Produktspekter

Følgjande instrument kan nyttast i forvaltingsporteføljen:

- Bankinnskott
- Sertifikat
- Pengemarknadsfond
- Obligasjonar
- Obligasjonsfond
- Aksjar
- Aksjefond
- Eigenkapitalbevis

Avgrensingar

Finansielle instrument og produkt som ikkje uttrykkeleg er omtalt i punkt 7.4 kan ikkje nyttast i forvaltning av kommunen sine langsiktige finansielle aktiva.

7.5 Risikorammer

7.5.1 Aktivaklasser

Kommunens langsiktige finansielle aktiva kan investerast i følgjande aktivaklasser:

- Pengemarknad (i NOK)
- Obligasjonsmarknad (i NOK)
- Norske aksjar og eigenkapitalbevis
- Nordiske aksjar
- Globale aksjar

7.5.2 Plassering i pengemarknad (ST1X eller tilsvarende Statsobligasjonsindeks 0,25 år)

Bankinnskott, pengemarknadsfond eller enkeltinvesteringar i sertifikat eller obligasjonar.

- Aktivaklassen sin rentedurasjon skal være mindre enn 12 månader
- Det kan berre plasserast middel i pengemarknadsfond som er klassifisert i gruppene «*Pengemarknadsfond med lav risiko*» eller «*Pengemarknadsfond*» ut frå verdipapirfonda si foreining (VFF) sin bransjestandard for informasjon og klassifisering av rentefond.
- Det kan ikkje plasserast middel i pengemarknadsfond som inneheld industriobligasjonar, ansvarlege lån eller fondsobligasjonar
- Ingen enkeltplasseringar skal ha rentedurasjon over 12 månader eller ein kreditturasjon over 18 månader
- Det skal berre investerast i enkeltpapir innan følgjande kategoriar
 - Renteberande papir utferda eller garantert av den norske stat.
 - Renteberande papir gitt i NOK utferda eller garantert av OECD eller EØS sone A statar.

- Obligasjonar med fortrinnsrett (særskilt sikra obligasjonar).
- Renteberande papir utferda eller garantert av norske statsføretak.
- Renteberande papir utferda eller garantert av norske kommunar eller fylkeskommunar
- Renteberande papir, i form av seniorsertifikat – og obligasjonslån, utferda eller garantert av norske banker eller kredittinstitusjonar.
- Ingen verdipapir skal ha en kredittvurdering lågare enn BBB- («*investment grade*»), eller ev. vore vurdert av forvaltar til å ha minimum tilsvarande kredittkvalitet.
- Ved investering i enkeltpapir må porteføljen bestå av minimum 16 enkeltpapir, og ingen utferdarar kan utgjere meir enn 10 % av aktivaklassen sin totale eksponering, jf. verdipapirfondlova.

7.5.3 Plassering i obligasjonsmarknad (ST4X eller tilsvarande Statsobligasjonsindeks 3 år RM1-RM 2 D3)

Bankinnskott, pengemarknadsfond eller enkeltinvesteringar i sertifikat eller obligasjonar.

- Ingen enkeltplasseringar skal ha ein rentefølsamheit på over 6 år. For fond blir dette rekna som gjennomsnitt av fondet.
- Aktivaklassen sin gjennomsnittlege rentefølsamheit skal ligge mellom null og fire år
- Samla gjennomsnittleg løpetid for kredittmarginen skal være mellom to og fire år
- Ingen enkeltteksponering skal ha ein kreditturasjon på over sju år. Dette gjeld både for fond og for enkeltpapir.
- Ingen verdipapir skal ha en kredittvurdering lågare enn BBB- («*investment grade*»), eller ev. vore vurdert av forvaltar til å ha minimum tilsvarande kredittkvalitet
- Ved investering i enkeltpapir må porteføljen bestå av minimum 16 enkeltpapir, og ingen utferdarar kan utgjere meir enn 10 % av porteføljen sin forvaltingskapital, jf. verdipapirfondlova

7.5.4 Plassering i norske eller nordiske aksjar (OSEFX)

Aksjefond eller enkeltaksjar notert på norsk eller nordisk børs

- Porteføljen skal være breidd samansett av norske og nordiske aksjar med god eigarspreiing jf. regnskapslova §5-8 pkt. 4
- Ved investering i enkeltaksjar må porteføljen bestå av minimum 16 aksjar, og ingen aksjar kan utgjere meir enn 10 % av porteføljens forvaltingskapital, jf. verdipapirfondlova
- Porteføljen skal ha ei spreiding («*diversifisering*») på sektorar tilnærma lik Oslo Børs

7.5.5 Plassering i Globale aksjar (World MSCI)

Det skal investerast i aksjefond som samla gjer ei brei samansett eksponering mot den internasjonale aksjemarknaden.

- All eksponering i internasjonale aksjar skal skje gjennom aksjefond
- Valutaeksponeringa ved plassering i globale aksjar kan sikrast heilt eller delvis gjennom bruk av valutaterminar

7.5.6 Plassering (allokering) av forvaltingskapital og rammer for risiko

Aktivaklasse	Referanseindeks	Nøytral vekt	Min. vekt	Maks vekt
Pengemarknad	ST1X eller anna	20 %	0 %	60 %
Obligasjonar	ST4X eller anna	60 %	30 %	90 %
Nordiske aksjar	OSEFX	10 %	5 %	15 %
Globale aksjar	World MSCI	10 %	5 %	15 %

Total aksjedel skal ikkje vere under 10 %, og heller ikkje overstige 25 %, av forvalta kapital.

For å oppnå en avkastning ut over risikofri rente, må det takast ein viss risiko i forvaltinga av kommunen sin langsiktige forvaltingskapital. Nøytral vekt er fastsett med tanke på å oppnå ein meiravkastning over tid i forhold til risikofri rente. Dei nøytrale vektene fungerer som referansepunkt for mål av forvaltingsresultat. Forvaltingsresultat blir målt opp mot nøytralvekta referanseindeks.

Rammer for avvik

Plassering i renteberande papir eller aksjar kan forvaltast av ein aktør med konsesjon for aktivforvaltning. Kommunedirektøren kan gi fullmakt til å avvike frå dei nøytrale vektene, men i så fall innanfor angjevne rammer for avvik.

Avvik frå nøytralvekt kan framkomme som et resultat av:

- Verdiendringar i porteføljen sine aktiva
- Aktive avgjerder på bakgrunn av risikovurderingar eller oppfatningar om marknadsutvikling

7.6 Etiske retningslinjer

Aukra kommune har som mål å bidra til berekraftig utvikling ved å investere sine finansielle middel på en ansvarleg og etisk forsvarleg måte. Dette inneberer at Aukra direkte eller via eksterne forvaltarar skal unngå investeringar i aksjar, renteberande instrumenter eller andre finansielle instrumenter utferdav av selskap med verksemd som medvirkar til krenking av menneskerettane, arbeidstakarrettane, korrupsjon, miljøskadar eller andre uetiske handlingar.

Forvaltinga skal være basert på anerkjente etiske normer og internasjonale konvensjonar, som FNs prinsipp for ansvarlege investeringar (PRI) eller dei etiske retningslinjene som til ei kvar tid gjeld for Statens Pensjonsfond.

Dersom kommunen blir gjort merksam på at det hos ein forvaltar er plasseringar i selskap med en uakseptabel etisk profil, skal dette tas opp til diskusjon med forvaltaren med sikte på at nemnte plasseringar gjort av forvaltaren blir avslutta, eller at kommunen trekk seg ut av det aktuelle produkt hos forvaltaren.

8 Forvaltning av kommunens gjeldsportefølje og andre finansavtaler

Innlånskostnadene har vesentleg betydning for kommunens økonomi. Forvaltning av finansielle passiva (gjeldsporteføljen) er slik ein viktig del av kommunen sin finansforvaltning med tanke på å oppnå låge lånekostnader og handtering av risiko for renteendringar.

8.1 Formål

Kommunen skal forvalte midlane slik at det blir oppnådd låge kostnader på finansiering av langsiktige investeringar utan at det medfører vesentleg finansiell risiko.

8.2 Gjeldsforvaltning

8.2.1 Vedtak om opptak av lån

Kommunestyret fattar vedtak om opptak av nye lån i budsjettåret.

Kommunedirektør delegerast mynde til å gjennomføre låneopptak, under dette godkjenning av lånevilkår, godkjenne og underteikne vilkåra for lån og kredittar for kommunen sin lånedokumentasjon, og elles forvaltning av kommunens innlån etter dei retningslinjer som går fram av dette reglementet, og i tråd med føresegnene i kommunelovens § 14 pkt. 14 – 18 om låneopptak.

Det kan også tas opp lån til refinansiering av eksisterande gjeld. Det ligg til Kommunedirektøren å ev. godkjenne slike lån eller lånevilkår.

Låneopptak skal søkjast gjennomført til marknaden mest gunstige vilkår. Prinsippa for offentleg anskaffing skal følgjast. Prinsippa kan fråvikast ved låneopptak i statsbank (t.d. etableringslån i Husbanken).

8.2.2 Val av låneinstrument

Det kan berre bli tatt opp lån i norske kroner.

Lån kan tas opp som direkte lån i:

- Offentlege finansinstitusjonar
- Private finansinstitusjonar
- Livselskap
- Verdipapirmarknaden (sertifikatlån og obligasjonslån)

Finansiering kan også skje gjennom finansiell leasing.

8.2.3 Tidspunkt for låneopptak

Låneopptak skal vurderast opp mot likviditetsbehov og vedtatt investeringsbudsjett.

8.3 Forvaltning av låneportefølje

Forvaltning av låneportefølje leggjast opp ut frå følgjande:

- Refinansieringsrisiko skal reduserast ved å spreie tidspunkt for låneopptak og forfall på lån
- Låneporteføljen skal bestå av færrest moglegule lån, dog slik at refinansieringsrisikoen ved ordinære låneforfall grensa

- Under elles like forhold vil det være formålstenleg at kommunen fordelar låneopptaka på fleire långevarar
- Størrelsen på enkeltlån skal maksimalt utgjere 25 % av samla gjeldsportefølje
- Maksimalt låneforfall kommande 12 månader skal ikkje utgjere meir enn 20 % av låneporteføljen
- Vekta løpetid på låneporteføljen skal minimum være 5 år

8.4 Renterisiko

Kommunen har et overordna mål om føreseielege og stabile rentekostnader. Styring av renterisiko kan gjerast ved bruk av følgjande instrument:

- Lån med fast eller flytande rente
- Obligasjonar med fast eller flytande rente
- Sertifikat

Forvaltinga skal leggjast opp ut frå følgjande:

- Maksimum del med fast rente skal være 40 %
- Minimum vekta renteløpetid skal være mellom eitt og fire år
- Det kan vurderast opp til 10 års rentebinding
-

9 Rapportering og vurdering av finansiell risiko

Kommunedirektøren skal i samband med tertialrapportering per 30. april og per 31. august, leggje fram rapporter for kommunestyret som viser status for forvaltinga samanhalde med måla og krava i finansreglementet.

I tillegg skal Kommunedirektøren etter årets utgang legge fram ein rapport (kommunens årsrapport) for kommunestyret som viser utviklinga gjennom året og status ved utgangen av året. Rapporten skal svare ut krav i § 8 i finansforskrifta.

Rapporten skal beskrive og vurdere ledig likviditet og andre middel berekna for driftsføremål, langsiktige finansielle aktiva og gjeldsporteføljen og andre finansieringsavtalar under dette:

- Samansettinga av aktiva og passiva
- Marknadsverdi, både samla og fordelt på de ulike typar aktiva og passiva
- Løpetid for passiva, og om verdien av lån som forfell og som må refinansierast innan 12 månader
- Løpetid på aktiva og passiva
- Vesentlege marknadsendringar / endringar i risikoeksponering samt ein vurdering av dette
- Ev. avvik frå finansreglementet og korreksjonar
- Marknadsrenter og eigne rentevilkår
- Resultat av stresstest/verdiendring: Norske aksjar fell med 30 %, internasjonale aksjar fell med 20 % og ei renteauke (parallele skift i rentekurven) på 2 prosentpoeng

Kommunedirektøren skal vurdere kommunen sin evne til å bære det potensielle tapet. Dersom Kommunedirektøren sin vurdering er at det potensielle tapet er for stort, sett i forhold til kommunens risikoberande evne, skal Kommunedirektøren legge frem forslag til endring i reglementet og samansetting av den risikoberande porteføljen.

Ved konstatert avvik mellom faktisk finansforvaltning og finansreglementet sine rammer, skal slike avvik behandlast så raskt som mogleg.

10 Kvalitetssikring

Finansforskrifta pålegg kommunestyret å la uavhengig kompetanse vurdere om finans- og gjeldsreglementet legg rammer for finansforvaltinga som er i tråd med kommunelova sine reglar og reglane i finansforskrifta. I tillegg skal uavhengig kompetanse vurdere rutinane for vurdering og handtering av finansiell risiko, samt rutinar for å avdekke avvik frå finans- og gjeldsreglementet.

Kommunedirektøren har ansvar for at slike eksterne vurderingar blir innhenta.

Kvalitetssikring av finans- og gjeldsreglementet skal finne sted ved kvar endring av finans- og gjeldsreglementet, og før kommunestyret vedtar nytt og endra reglement. I denne samanheng skal det også rapporterast på utført kvalitetssikring av rutinane.